

PARADISET

Tone: Far verden farvel

- 1) I sogarne sjå: Frå ævlege tider har Gud havt på råd,
å skapa med visdoms og heilagdomsord, dei tallause verdener, himel og jord.
Med englar og menneske, tallause ting, i verdi omkring.
- 2) Vårherre han sa: I hugnad det han hadde skapt det var bra.
Heilagt og verdugt i heilagdomstrå, so bilete sitt han i alt kunde sjå,
var skapa i visdom av himelens drott, so verdugt og godt.
- 3) Ein tvilar 'kje på, at Paradishagen var ven til å sjå.
Ei dugande hand hadde skipa det alt, ein våga 'kje segje at noko var galt.
so Adam og Eva kund' nøgd seg med da, som til-laga var.
- 4) Kan tenkja so me: Det skulde 'kje ste der det kunskapens tre.
Men kven er so vågale han kjenner seg god å segje: Gud skulde 'kje skapa det so.
Tenk visdom og allmakt og heilagdomsvit, i høgsete sit.
- 5) Ei syrgjeleg makt; At menneske i Guds bilet var skapt,
og ånder og englar i heilagdomsskrud. I heilagdom tente den heilage Gud.
so stygge skuld verta i hug og i trå. Kvar kom det i frå?
- 6) Det var ikkje rart. Sjå heilage englar til djevlar dei vart.
Og Adam og Eva dei lydde 'kje Gud. Av himlen, av hagen dei alle laut ut.
so redde av synduge trå, og nakne attpå!
- 7) O heilage Gud. Dei «lærde" dei kan ikkje grunda det ut.
Den synduge gneisten kvar fatna den fyrst? Kor kunde der fatna, ein sovoren lyst?
Det hjelpe 'kje kva ein hev grunda og lært, ei gåta det vert.
- 8) Ja er det kje svært. Dei leva 'kje gildast som mest hava lært.
Dei visaste vildrar og vrengder og snur, so søtaste frukti er no vorti sur.
Guds vilje reglar ein knagar no tå, og vyrds ikkje på.
- 9) Ein kan vera stygg. Men ein gong kjem vending, ein kan vera trygg.
Der kjeme eit oppgjerd, det er 'kje so greidt - der kjeme eit uår det kan
verte leitt.
Ein vert ikkje fri før Vorherre får sitt, kvar einaste kvitt.
- 10) Det kunskapens tre, stend endå i hagen, umkring det gjeng me,
- med Eva sin hug og ned Adam sin trå, og ormen den treiske, set fenghetta på.
Og skyt inn i hjarta og freistar som so: Sjå frukti er god!
- 11) Kva gjere so me? Me liflar med ormen og plukkar av tre.
Me likar å gjeva og nøyta i lag, og sjå det forbodna hev søtaste smak.
Og borni ikring oss dei høyra og sjå, og læra dei få.
- 12) No verdi er vond. Gud heilar, men vondskapen riv det isund.
Og menneske stormar i lågd og i høg, etter magt, etter gull, og vert aldri nøgd.
No bær det utfyre so kjøte og blod, kan prøva seg no.

13) Kvar vert det so av, den kjærleiken som Gud til menneske gav?
Den elsken som Eva til Adam bar, av himelens faderbryst teken den var.
Den kjærleiken brudgommen hev til si brud, sjå sloknar den ut?

14) Folk ganga no her, og larmar for pengar, for mat og for klær.
No spør ein um det er den levande Gud som er lit, som er trøyst ut i
stridsame sut?
So kjeme den spurnaden: greier ein seg, på sjølvstyrde veg?